
Saksnr: 2021/51958-1
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021

Frivilligåret 2022 - markeringar i Vestland

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vil markere Frivilligåret 2022 i samarbeid med frivillig sektor i Vestland.
2. Frivilligåret 2022 blir markert i Vestland gjennom frivilligkonferanse, utdeling av frivilligpris, via informasjons- og formidlingsarbeid og gjennom tildeling av tilskotsmidlar.

Samandrag

Regjeringa slo gjennom frivilligheitsmeldinga fast at 2022 skal vere «Frivilligheitsåret». Frivilligåret 2022 er eit av tiltaka i frivilligstrategi for Vestland 2021-2022. Fylkesdirektøren vil løfte og styrke frivilligheita og organisasjonslivet i Vestland. Vestland fylkeskommune vil i samarbeid med frivillig sektor invitere til frivilligkonferanse og etablere frivilligprisen i Vestland. Fylkeskommunen vil også drive informasjons- og formidlingsarbeid og yte tilskot til regionale markeringar av Frivilligåret 2022.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frivilligstrategien for Vestland 2021-2022 slår fast at vi skal «styrke og løfte frivilligheita og organisasjonslivet ved å markere Frivilligheitas år 2022 gjennom arrangement og økonomisk stønad». Frivilligstrategien vart vedtatt i hovudutval for kultur, idrett og integrering 25. mai, sak 73/2021:

1. Vestland fylkeskommune vedtar frivilligstrategi for Vestland 2021-2022 . Frivilligstrategien blir tatt med vidare inn i arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035.
2. Vestland fylkeskommune vil markere Frivilligheitas år 2022 gjennom regionale arrangement og ved å yte tilskot til frivillige organisasjonar. Fylkeskommunen vil prioritere dette ved budsjettarbeidet 2022.

I Frivilligheitsmeldinga (Meld. St. 10 2018-2019, s. 84) vart det vedtatt at regjeringa vil setje av 2022 som «frivilligheitsåret». Det er Frivillighet Norge som har fått oppgåva med å koordinere Frivilligåret 2022. Vestland fylkeskommune signerte intensjonsavtale om samarbeid med Frivillighet Norge hausten 2020 (vedtatt i fylkesutvalet 29. oktober, sak 198/2020). Avtalen slår m.a. fast mål om å «Bidra til at Frivilligheitas år 2022 blir sett på dagsorden i Vestland».

Fylkesdirektøren vil invitere frivillig sektor i Vestland til å vere med på markeringane av Frivilligåret 2022. Fylkeskommunen bør derfor invitere regionale frivillige organisasjonar og paraplyorganisasjonar til å vere med i ei arbeidsgruppe som planlegg og gjennomfører tiltaka i Frivilligåret i lag med fylkeskommunen. Arbeidsgruppa vil rapportere til avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering, og får ansvaret for m.a. følgjande tiltak:

- Frivilligkonferansen Vestland 2022, ein fysisk konferanse for kompetanseheving, nettverksbygging, synleggjering og tettare samarbeid.
- Etablering av frivilligprisen Vestland. Arbeidsgruppa skal foreslå kriterium for prisen, som blir lagt fram for vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Prisen blir delt ut av hovudutvalet og markert under frivilligkonferansen.
- Informasjons- og formidlingsarbeid om frivillig sektor og Frivilligåret 2022.

I framlegg til budsjett for Vestland 2022 er det føreslått midlar til Frivilligåret 2022. Midlane kan, under føresetnad av budsjettvedtak i fylkestinget, nyttast i arbeidet med frivilligkonferanse, frivilligpris og informasjons- og formidlingsarbeid. Fylkesdirektør vil stimulere til regionale markeringar av Frivilligåret 2022, i regi av regionale frivillige organisasjonar, og vil løyve midlar til dette gjennom dei ordinære tilskotsordningane til frivilligheita.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. delegeringsreglementet pkt. 2 Oppgåver.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Det er foreslått midlar til Frivilligåret 2022 i avdeling for kultur, idrett og inkludering sitt framlegg til budsjett 2022. Vedtak blir gjort av fylkestinget i desember 2021. Fylkesdirektør vil løyve midlar til regionale markeringar av Frivilligåret 2022 gjennom dei ordinære tilskotsordningane til frivillig sektor.

Klima:

Fylkesdirektør vil gjennom arrangementa i Frivilligåret 2022 ha særskilt merksemd rundt FN sine berekraftsmål.

Folkehelse:

Folkehelseoversikta i Vestland (2019-2023) viser at helsefremmande kvardagsarenaer aukar livskvalitet og meistring. Deltaking i frivillig arbeid gir sosial støtte, styrkar demokratiet og tilhøyrsla. I tillegg er det med på å førebygge einsemd og utanforskap.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 har relevante mål og strategiar som kan knytast mot Frivilligåret 2022, m.a.:

- mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
- strategi 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar
- mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping
- strategi 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR har sett mål om styrka frivilligheit.

Konklusjon

Frivillig sektor i Vestland er stor og mangfaldig, og fremjar engasjement, deltaking, inkludering, folkehelse, demokrati og lokalsamfunnsutvikling. Å vere frivillig her ein stor eigenverdi og frivilligheita skapar store verdiar for samfunnet. Gjennom Frivilligåret 2022 kan Vestland fylkeskommune vere med å løfte og styrke frivilligheita og organisasjonslivet i Vestland. Vestland fylkeskommune vil samarbeide med frivillig sektor om frivilligkonferanse, etablering av frivilligprisen i Vestland og informasjons- og formidlingsarbeid. Fylkeskommunen vil yte tilskot til regionale markeringar av Frivilligåret 2022.